

Læreplan i engelsk – førebuende opplæring for vaksne

Fastsett som forskrift av Kunnskapsdepartementet 03.06.2024.

Gjeld frå 01.08.2024

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Engelsk er eit sentralt fag for kommunikasjon, språkforståing og kulturforståing. Faget skal gi deltakarane eit grunnlag for å kommunisere med andre lokalt og globalt, på tvers av kulturell og språkleg bakgrunn. Faget skal førebu deltakarane på ei utdanning og eit samfunns- og arbeidsliv som stiller krav om engelskspråkleg kompetanse i lesing, skriving og munnleg kommunikasjon. Engelsk skal bidra til livslang læring gjennom utvikling av læringsstrategiar, metaspråkleg medvit og digitale ferdigheiter.

Gjennom arbeidet i faget skal deltakarane bli trygge språkbrukarar, slik at dei kan bruke engelsk for å lære, kommunisere og samhandle. Opplæringa skal fremje motivasjon og ei utforskande tilnærming til språk og kommunikasjon. Engelskfaget skal leggje til rette for at kompetansen og erfaringane, den kulturelle bakgrunnen og dei fleirspråklege ressursane til deltakarane kan anerkjennast og brukast aktivt i opplæring og vurdering. Deltakarane skal få erfare at det å kunne fleire språk er ein ressurs i opplæringa og i samfunnet. Kunnskaps- og erfaringsutveksling med menneske i alle aldrar og frå ulike stader i verda gir deltakarane perspektiv på eiga læring og eigen identitet og viser verdien av samarbeid på tvers av språk og kultur.

Kjerneelement

Kommunikasjon

Deltakarane skal skape meining, bruke språket og samhandle i ulike samanhengar, inkludert autentiske og praktiske situasjonar. Dette inneber å ta i bruk eigna strategiar, medium og kjelder i munnleg og skriftleg kommunikasjon på ein kritisk og etterretteleg måte. Deltakarane skal få oppleve, bruke og utforske språket frå første stund. Gjennom mediering kan deltakarane leggje til rette for og tilpasse kommunikasjon på tvers av språkleg eller kulturell bakgrunn.

Språklæring

Deltakarane skal utvikle språkleg medvit og kunnskap om språklege mønster og kunne bruke språklæringsstrategiar. Kunnskap om korleis ein bruker språklydar, ordtilfang og ord-, setnings- og tekststrukturar, gir val og moglegheiter i kommunikasjon og samhandling. Å sjå samanhengar mellom engelsk og andre språk deltakarane kan og kjenner til, støttar opp om den framveksande to- eller fleirspråklegheita til deltakarane. Gjennom utforsking av eiga språklæring blir deltakarane betre i stand til å lære og forstå språk i eit livslangt perspektiv.

Tekst i kontekst

Deltakarane skal lese, lytte til, vurdere og bruke engelskspråklege tekstar til ulike formål i eige liv og i utdanning, arbeid og samfunnsliv. Dei møter engelskspråkleg tekst i praktiske og estetiske samanhengar og som kjelde til læring, informasjon og underhaldning. Tekstomgrepet er brukt i vid forstand. Tekstane kan vere munnlege og skriftlege, trykte og digitale, grafiske og kunstnariske, formelle og uformelle, skjønnlitterære og sakprega. Tekstane kan innehalde skrift, bilete, lyd, teikningar, grafar, tal og andre uttrykksformer som er sette saman for å formidle ein bodskap.

Interkulturell kompetanse

Deltakarane skal nytte og vidareutvikle interkulturell kompetanse i møte med menneske som har ulik språkleg eller kulturell bakgrunn. Dette inneber kunnskap om praksisar, normer og verdiar i område og på arenaer der engelsk blir brukt, og forståing for mangfald i og på tvers av samfunn og grupper. Gjennom samhandling og tekst kan deltakarane få djupare innsikt i andre sine erfaringar, deriblant ulike minoritetar sine perspektiv og urfolk sine levemåtar, tenkjesett og tradisjonar.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I engelsk handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å oppleve meistring gjennom å handtere situasjonar i eige liv som krev kompetanse i engelsk språk og interkulturell forståing. Det å forstå og kommunisere skriftleg og munnleg på engelsk gir fleire moglegheiter for å uttrykke eigne kjensler, tankar, erfaringar og meiningar, noko som er viktig for å delta i sosiale fellesskap på tvers av språkleg og kulturell bakgrunn. Det handlar vidare om å forhalde seg kritisk til engelskspråkleg informasjon for å ta formålstenlege val i eige liv.

Demokrati og medborgarskap

I engelsk handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om å utvikle ferdigheiter i engelsk for å delta i samfunnet og i demokratiske prosessar. Ferdigheiter i engelsk gir tilgang til informasjon som er viktig for å kunne delta i demokrati på ulike plan i samfunn, arbeidsliv og utdanning. Engelsk opnar for kommunikasjon med fleire menneske lokalt og globalt, på tvers av språkleg og kulturell bakgrunn. Dette kan styrkje deltakarane si forståing av ulike tenkjemåtar og levesett og evna deira til å fremje eigne synspunkt og møte usemje.

Berekraftig utvikling

I engelsk handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om å utforske og kommunisere om sosial rettferd og forsvarleg ressursbruk. Dette inneber å bygge på eigne erfaringar, innhente ny kunnskap og samhandle om berekraftige praksisar i eige liv og i samfunnet. Det handlar vidare om å ta i bruk engelsk som ein del av eit større språkleg repertoar, noko som kan bidra til å vareta språkleg og kulturelt mangfald.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i engelsk er å kunne skape meining gjennom å lytte, tale og samtale. Utviklinga av munnlege ferdigheiter inneber å uttrykkje seg gradvis meir presist og tilpasse språket til formålet, mottakaren og situasjonen, i formelle og uformelle situasjonar og i møte med menneske med ulik språkleg bakgrunn. Samhandlingsstrategiar og eit variert språk knytt til kvardagsliv, samfunn, utdanning og arbeidsliv står sentralt i munnleg kommunikasjon og støttar vidareutviklinga av munnlege ferdigheiter i eit livslangt perspektiv.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i engelsk er å uttrykkje seg forståeleg og formålstenleg i ulike typar tekstar både på papir og digitalt. Utviklinga av skriveferdigheiter går frå å skrive enkeltord og frasar til å skape ulike typar samanhengande tekstar i utdanning, samfunn og arbeidsliv i eit livslangt perspektiv. Å skrive handlar om å planleggje, forme ut og omarbeide tekst som er tilpassa mottakar, formål og situasjon. Det inneber å velje eigna skrivestrategiar og bruke ulike typar verktøy og kjelder på ein kritisk og etterretteleg måte.

Å kunne lese

Å kunne lese i engelsk er å forstå og reflektere over formålet med og innhaldet i ulike typar tekstar på papir og digitalt, inkludert samansette tekstar, i utdanning, samfunn og arbeidsliv. Utviklinga av leseferdigheiter i engelsk går frå å oppdage forholdet mellom språklydar og teikn, stavemønster og stavingar til å lese varierte og komplekse tekstar med flyt og forståing og i stadig større grad kunne reflektere over og vurdere ulike typar tekstar kritisk. Lesing blir støtta opp av formålstenlege lesestrategiar og kan bidra til vidare språkinnlæring i eit livslangt perspektiv.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i engelsk er å bruke digitale ressursar for å styrkje språklæringa, møte autentisk språk og utvikle kunnskap i faget på ein gradvis

meir sjølvstendig, bevisst og kritisk måte i eit livslangt perspektiv. Det inneber å finne, vurdere og bruke eigna kjelder til å skape munnlege og skriftlege tekstar. Det handlar også om å kunne delta i det digitale samfunnet og vere bevisst si eiga rolle i samhandling med andre.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering modul 1

Kompetansemål etter modul 1

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne

- lytte til, stille og svare på enkle spørsmål om daglegdagse og kjende tema
- delta med støtte i enkle samtalar om eigne behov og kjensler, eige daglegliv og eigne interesser
- lytte til, kjenne att og bruke språklydar, stavingar og uttalemønster på engelsk
- bruke nokre kjende og nokre få nye språklæringsstrategiar i møte med engelsk
- identifisere språklege likskapar og forskjellar mellom engelsk og andre språk deltakaren kjenner til
- bruke visuelle og digitale ressursar til å forstå og finne ord og frasar på engelsk
- forstå høgfrekvente ord og frasar i enkle munnlege og skriftlege tekstar
- følgje enkle instruksjonar, gjerne med støtte i illustrasjonar
- lytte til, lese og samtale om innhald i enkle tekstar om kjende tema, gjerne med støtte i illustrasjonar
- skrive kjende ord, frasar og korte setningar
- kople språklydar til bokstavar og stavemønster og trekkje bokstavlydar saman til ord
- bruke enkel teiknsetjing
- bruke nokre høflegheitsuttrykk på engelsk og samanlikne med andre språk og kulturar som deltakaren kjenner til
- bruke eit avgrensa engelsk vokabular i to- eller fleirspråkleg kommunikasjon
- beskrive på en svært enkel måte eigen motivasjon for å lære engelsk

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Deltakarane viser og utviklar kompetanse i engelsk modul 1 når dei, med støtte frå konteksten, talar og samtalar om enkle kjende og daglegdagse tema. Dei viser og utviklar også kompetanse når dei lyttar til og les enkle

tekstar om kjende tema, og når dei skriv kjende ord, frasar og korte setningar. Vidare viser og utviklar dei kompetanse når dei tek i bruk nokre kjende og nokre få nye strategiar og ressursar som støtte i læringsarbeidet.

Læraren skal leggje til rette for deltakarmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å synleggjere og byggje på det deltakarane har av kompetanse, ressursar, erfaringar og motivasjon for å lære engelsk. Læraren og deltakarane skal vere i dialog om deltakarane si utvikling i engelsk. Deltakarane skal få høve til å setje ord på kva dei meistrar, og reflektere over si eiga faglege og språklege utvikling. Dei skal få tilbakemelding om kva som er forventa av dei, og korleis dei kan arbeide vidare for å nå måla sine for opplæringa. Læraren skal bruke undervegsvurderinga til å tilpasse den vidare opplæringa. Undervegsvurderinga skal bidra til at deltakarane bruker kompetansane, erfaringane og dei språklege ressursane sine til å utforske og prøve seg fram i vidare læring.

Kompetansemål og vurdering modul 2

Kompetansemål etter modul 2

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne

- lytte til og forstå hovudinnhaldet i tydeleg munnleg kommunikasjon om kjende tema
- starte og avslutte korte samtalar om kjende og nokre nye tema
- bruke strategiar til å oppklare kommunikasjon, som å be samtalepartnaren om å gjenta eller forklare
- bruke språklydar, stavingar og uttalemønster i ein forståeleg uttale, med moglegheit for avklaring
- bruke og setje ord på kjende og nokre nye språklæringsstrategiar i eige læringsarbeid
- beskrive språklege likskapar og forskjellar mellom engelsk og andre språk deltakaren kjenner til, og bruke dette i eiga språklæring
- forstå og bruke eit ordtilfang knytt til kjende emne
- lytte til, lese og samtale om innhald i enkle tekstar om kjende og nokre nye tema
- skrive korte tekstar om kjende tema
- utvikle og bruke enkle ord- og setningsstrukturar
- utvikle og bruke enkel setnings- og tekstbinding
- bruke lettlesne kjelder
- samanlikne nokre tradisjonar og normer i område og på arenaer der engelsk blir brukt, med tradisjonar og normer deltakaren kjenner til i andre kulturar
- mediere kort informasjon ved å trekkje vekslar på eige språkleg og kulturelt repertoar, fortrinnsvis gjennom omsetjing eller forklaring
- identifisere situasjonar der engelsk kan brukast i eige liv

- bruke digitale ressursar og verktøy i språklæring, tekstskaping og samhandling

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Deltakarane viser og utviklar kompetanse i engelsk modul 2 når dei taler og samtalar om kjende og nokre nye tema, med moglegheit for avklaring undervegs. Dei viser og utviklar også kompetanse når dei lyttar til, les og skriv enkle og korte tekstar om kjende tema, og når dei tek i bruk nokre kjende og nye strategiar og ressursar som støtte i læringsarbeidet.

Læraren skal leggje til rette for deltakarmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å bruke og vidareutvikle kompetansen, ressursane og erfaringane til deltakarane og gjennom å leggje til rette for utforsking av behovet for engelsk. Læraren og deltakarane skal vere i dialog om deltakarane si utvikling i engelsk. Deltakarane skal få høve til å setje ord på kva dei meistrar, og reflektere over si eiga faglege og språklege utvikling. Dei skal få tilbakemelding om kva som er forventa av dei, og korleis dei kan arbeide vidare for å nå måla sine for opplæringa. Læraren skal bruke undervegsvurderinga til å tilpasse den vidare opplæringa. Undervegsvurderinga skal bidra til at deltakarane bruker kompetansane, erfaringane og dei språklege ressursane sine til å utforske og prøve seg fram i vidare læring.

Kompetansemål og vurdering modul 3

Kompetansemål etter modul 3

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne

- lytte til og forstå hovudinnhaldet i tydeleg munnleg kommunikasjon om emne knytte til utdanning, arbeidsliv og samfunn
- starte, halde i gang og avslutte samtalar om personlege og nokre samfunnsaktuelle tema
- uttrykkje eigne meiningar om personlege og nokre samfunnsaktuelle tema
- snakke med ein funksjonell uttale
- beskrive og bruke nye og kjende språklæringsstrategiar i eige læringsarbeid
- samtale om språklege likskapar og forskjellar mellom engelsk og andre språk deltakaren kjenner til, og bruke dette i eiga språklæring
- lese, diskutere og vidareformidle hovudinnhaldet i ulike typar tekstar, inkludert samansette tekstar med ein viss variasjon i vokabularet
- skrive samanhengande tekstar om personlege og nokre samfunnsaktuelle tema
- bruke ordtilfang knytt til ulike emne

- bruke ord- og setningsstrukturar munnleg og skriftleg
- bruke setnings- og tekstbinding
- velje ut og bruke hensiktsmessige kjelder
- samtale om likskapar og forskjellar i kommunikasjon blant menneske med ulik språkleg og kulturell bakgrunn
- mediere informasjon om kjende tema ved å trekkje vekslar på eige språkleg og kulturelt repertoar, fortrinnsvis gjennom omsetjing eller forklaring
- beskrive nokre sider ved situasjonen til urfolk og minoritetar i Noreg og andre land
- samtale om situasjonar der engelsk kan brukast i utdanning, arbeidsliv og samfunn
- finne og bruke digitale ressursar og verktøy i samhandling, språklæring og tekstskaping

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Deltakarane viser og utviklar kompetanse i engelsk modul 3 når dei lyttar til, taler, samtaler, les og skriv om ulike personlege og samfunnsaktuelle tema. Dei viser og utviklar også kompetanse når dei uttrykkjer seg samanhengande munnleg og skriftleg, og når dei med aukande sjølvstende tek i bruk kjende og nye strategiar, ulike ressursar og lettlesne kjelder.

Læraren skal leggje til rette for deltakarmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å bruke og vidareutvikle kompetansen, ressursane og erfaringane til deltakarane. Ved å la deltakarane oppleve at engelsk er relevant i og utanfor opplæringa, kan læraren hjelpe deltakarane å vidareutvikle interessa for språket. Læraren og deltakarane skal vere i dialog om deltakarane si utvikling i engelsk. Deltakarane skal få høve til å setje ord på kva dei meistrar, og reflektere over si eiga faglege og språklege utvikling. Dei skal få tilbakemelding om kva som er forventa av dei, og korleis dei kan arbeide vidare for å nå måla sine for opplæringa. Læraren skal bruke undervegsvurderinga til å tilpasse den vidare opplæringa. Undervegsvurderinga skal bidra til at deltakarane bruker kompetansane, erfaringane og dei språklege ressursane sine til å utforske og prøve seg fram i vidare læring.

Kompetansemål og vurdering modul 4

Kompetansemål etter modul 4

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne

- lytte til og forstå innhaldet i munnleg kommunikasjon om emne knytte til utdanning, arbeidsliv og samfunn

- uttrykkje seg forståeleg og samanhengande om emne knytte til utdanning, arbeidsliv og samfunn
- uttrykkje og grunngi eigne meiningar om personlege og samfunnsaktuelle tema
- lytte til og forstå nokre variasjonar i engelsk uttale
- utforske språklege likskapar og forskjellar mellom engelsk og andre språk deltakaren kjenner til, og bruke dette i eiga språklæring
- lese, diskutere og vidareformidle innhaldet i ulike typar tekstar, inkludert samansette tekstar
- skrive formelle og uformelle tekstar tilpassa formål, mottakar og situasjon
- bruke eit variert ordtilfang og ulike ord-, setnings- og tekststrukturar til å kommunisere tydeleg og formålstenleg
- bruke kjelder på ein kritisk og etterretteleg måte
- tileigne seg kunnskap om praksisar, normer og verdiar i område og på arenaer der engelsk blir brukt, for å tilpasse kommunikasjonen til den språklege og kulturelle bakgrunnen til mottakaren
- mediere informasjon om ulike tema ved å trekkje vekslar på eige språkleg og kulturelt repertoar, fortrinnsvis gjennom omsetjing, forklaring eller formidling
- utforske og samanlikne situasjonen til urfolk og minoritetar i Noreg og andre land
- bruke varierte strategiar i kommunikasjon, språklæring og tekstskaping
- vurdere og bruke ulike digitale ressursar og verktøy i samhandling, språklæring og tekstskaping
- beskrive og reflektere over rolla engelsk har i utdanning, arbeidsliv og samfunn i Noreg og i andre land

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Deltakarane viser og utviklar kompetanse i engelsk modul 4 når dei lyttar til, taler, samtaler, les og skriv om innhald knytt til utdanning, arbeidsliv og samfunn. Dei viser og utviklar også kompetanse når dei uttrykkjer seg skriftleg og munnleg med struktur og samheng, på ein måte som er tilpassa formålet, mottakaren og situasjonen, og når dei bruker varierte strategiar og kritisk vurderer kjelder og ressursar i eiga læring og eigen kommunikasjon.

Læraren skal leggje til rette for deltakarmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å bruke og vidareutvikle kompetansen, ressursane og erfaringane til deltakarane, og gjennom å fremje refleksjon rundt deltakarane si faglege utvikling og deltakarane sitt noverande og framtidige behov for engelsk. Læraren og deltakarane skal vere i dialog om deltakarane si utvikling i engelsk. Deltakarane skal få høve til å setje ord på kva dei meistrar, og reflektere over si eiga faglege og språklege utvikling. Dei skal få tilbakemelding om kva som er forventa av dei, og korleis dei kan arbeide vidare for å nå måla sine for opplæringa. Læraren skal bruke

undervegsvurderinga til å tilpasse den vidare opplæringa. Undervegsvurderinga skal bidra til at deltakarane bruker kompetansane, erfaringane og dei språklege ressursane sine til å utforske og prøve seg fram i vidare læring.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen deltakaren har etter opplæringa i modul 4 i engelsk. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at deltakarane får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje éin karakter i engelsk basert på den samla kompetansen deltakaren har vist når deltakaren har brukt kunnskapar og ferdigheiter i kombinasjon.

Vurderingsordning

Modulvurdering

Etter modul 1: Deltakaren skal ha éi vurdering. Karakterskalaen som skal brukast, er den tredelte skalaen låg måloppnåing, middels måloppnåing, høg måloppnåing.

Etter modul 2: Deltakaren skal ha éi vurdering. Karakterskalaen som skal brukast, er den tredelte skalaen låg måloppnåing, middels måloppnåing, høg måloppnåing.

Etter modul 3: Deltakaren skal ha éi vurdering.

Standpunktvurdering

Etter modul 4: Deltakaren skal ha éin standpunkt karakter.

Eksamen for deltakarar

Etter modul 4: Deltakaren kan trekkjast ut til skriftleg eksamen. Eksamenen skal ha førebuingsdel. Skriftleg eksamen blir utarbeidd og sensurert sentralt. Deltakaren kan òg trekkjast ut til munnleg eksamen med førebuingsdel. Munnleg eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Eksamen for privatistar

Etter modul 4: Privatisten skal opp til skriftleg eksamen. Eksamenen skal ha førebuingsdel. Skriftleg eksamen blir utarbeidd og sensurert sentralt. I tillegg skal privatisten opp til munnleg eksamen. Munnleg eksamen blir utarbeidd og

sensurert lokalt. Kommunen avgjer om privatistar skal få førebuingsdel ved lokalt gitt eksamen.